

**REREFAT FRÅ
SAMLING I NASJONALT MUSEUMSNETTVERK FOR
KULTURLANDSKAP**

Varanger 9. og 10. august 2005



Liv Byrkjeland
august 2005

DELTAKARAR:

1. Kjetil Monstad	Havråatunet
2. Marit Adelsten Jensen	Havråatunet
3. Kåre Hosar	Maihaugen
4. Reidar Svegarden	Maihaugen
5. Sigrid Skarstein	Vadsø Museum
6. Frøydis Høyland Svisdahl	Vadsø Museum
7. Henriette Nilsson	Museet i Nord-Gudbrandsdalen
8. Kristina Bjureke	Naturhistorisk museum, UiO
9. Knut G. Austad	Jærmuseet
10. Trygve Brandal	Ryfylkemuseet
11. Vibekke Vange	Tromsø museum - Universitetsmuseet
12. Tom Haraldsen	Toten Økomuseum
13. Per Ole Syvertsen	Helgeland museum
14. Jostein Løvdal	Riksantikvaren
15. Ida Vesseltun	Norsk landbruksmuseum
16. Jorunn Hansen	Berlevåg havnemuseum
17. Leif Hauge	Høgskulen i Sogn og Fjordane
18. Ingvild Austad	Høgskulen i Sogn og Fjordane
19. Marie Pettersson	De Heibergske Samlinger
20. Elisabeth Dahle	De Heibergske Samlinger
21. Liv Byrkjeland	De Heibergske Samlinger
22. Einar Niemi	Universitetet i Tromsø (onsdag)
23. Jan Wengen	Vadsø kommune (onsdag)

Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap har med denne samlinga fått styrka den nasjonale dimensjonen som nettverket skal ha. Dei som deltok på denne samlinga fekk oppleve, sjå og lære om kultur, natur og museum i ein særeigen del av landet vårt. Ei svært innhaldsrik, lærerik og minnerik samling i Varanger.

Tysdag 9. august 2005, Kirkenes-Vadsø

Frøydis Høyland Svisdahl og Sigrid Skarstein frå Vadsø museum tok imot oss på flyplassen i Kirkenes med ein høgstandard turistbuss og den lokalkjende og kunnskapsrike bussjåføren Torbjørn Skjåvik. Arrangørane passa på at me fekk mat, drikke og informasjon gjennom heile turen. Sjå reiseruta på kartet (siste sida).

Stopp i Neiden

Første stopp på turen var Neiden, der me fekk sjå og lære om skoltesamisk busetjing på det freda området ved St. Georgkapellet ved

Neidenelva (foto 1). Honna Havas, som er prosjektleiar for Østsamisk museum i Neiden, fortalde oss om den Skoltesamiske historia, og om den russiske munken Trifon som misjonerte i nordområda på 1500 talet. Munken har sett mange spor etter seg, mellom anna i form av stadnamn. Området ved Neiden elva er heilagt for ortodokse, og er mål for pilgrimsreiser. Området rundt kapellet og skoltebusetjinga var prega av gjengroing, men for 8 år sidan starta arbeidet med rydding og slått. Det er laga forvaltingsplan for området. Les meir om Neiden i Grepstad Thorheim (2002) "Fotefar mot nord", s 756-758.



Foto 1. Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap på synfaring ved det freda skoltesamiske område ved St. georgs kapell ved Neidenelva. Det russisk ortodokse kapellet er det einaste i sitt slag i Noreg, og truleg vårt minste gudshus.

Honna Havas følgde oss vidare med bussen til tomta der det nye østsamiske museet er planlagt. Kort orientering om planane.

Busstur Neiden-Varangerbotn

På bussturen frå Neiden til Varangerbotn orienterte Sigrid Skarstein om busetjinga i Varanger, om kvenane, Petsamokorridoren, fornorskingspolitikken, om sjøsamiske og kvenske bygder, og om landskap og geologi..

Torbjørn Skjåvik fortalde historia om kunstnaren Savio frå den sjøsamiske bygda Bugøyfjord.

Stopp på Varanger samiske museum/Varjjat sami musea

Etter ei matøkt på museet orienterte verksemdleiar Kjersti Schanche kort om Varanger samiske museum, og fortalde oss om den sjøsamiske kulturhistoria. Vi fekk orientering om byggestil, sjøsamisk tradisjon med å ha fleire yrke, sommar- og vinterbuplassar, bruk av naturressursar gjennom utmarksslått, vinterslått, torv til brensel, koking av løype (storfefôr av fiskeslo, tang og høy) m.m. Les meir om dette i: "Med bårstang 'sapilaat' og 'siipi'. Historien om utmarksslåttene i Jakobselvdalføret fra 1850 til 1950".

Det samiske kulturlandskapet er eit vanskeleg omgrep fordi all natur er kulturlandskap for

samane. Naturen er deira kultur og religion. Samisk kulturlandskap krev annleis tilnærming enn det norske.

Den sjøsamiske sauerasen vart utrydda for om lag 10 år sidan. Museet brukar spælsau i formidlinga. På friluftsmuseet fekk vi sjå gamle, tradisjonelle gjerde, "louvvi" for høy og stabbur. (foto 2.)

Les meir om mytiske landskap i Sveen (2004) *Mytiske landskap*, Grepstad Thorheim (2002) "Fotefar mot nord", (s 750, 764-770)



Foto 2. Nettverksdeltakarar studerar friluftsmuseet til Varanger samiske museum.

Etter orienteringa såg me utstillinga om sjøsamar (foto 3).



Foto 3. Frå utstillinga "Sjøsamar" på Varanger samiske museum.

Varangerbotn - Vadsø

Ved Mortensnes fekk vi kort orientering om kulturminnene på staden. Les meir om Mortensnes i Grepstad Thorheim (2002) "Fotefar mot nord", s 770-773, og i

Sveen (2004) *Mytiske landskap*, samt i heftet *Mortensnes – en kulturhistorisk vandring gjennom 1000 år*. Varanger Samiske Museum.

Torbjørn Skjåvik fortalde segna om Stalloen (mytisk samisk figur) og Varangerjomfrua i fjæra då vi passerte Klubbnasen.

Sigrid Skarstein orienterte vidare om bygda Vestre Jacobselv, om kvenar, samar og driftsmåtar, nedlegging i jordbruket og om brenning av hus under 2. verdenskrig.

Vi fekk også historisk orientering om Vadsøya. Vadsøya kulturpark vart opna i 1997 som ein del av Fotefar mot nord – prosjektet. Vadsøya har kulturminne bl.a. hustufter frå middelalderbyar, luftskipmast frå luftskipet Noreg til Roald Amundsen og naturreservat med sjeldne polare og austlege fugle- og planteartar. Sidan dei fleste var innkvartere på Vadsøya, var det høve til å gå tur for å sjå nærare på dette. Les meir om Vadsøya i Grepstad & Thorheim (2002) *Fotefar mot nord*'s 774-779.

Besøk på Bietilæanlegget

Første stopp i Vadsø var på Bietilæanlegget til Vadsø museum – Ruija kvenmuseum, ein kvensk fiskergard som er under restaurering (foto 4). Sigrid Skarstein orienterte om museumsbygningane (våningshus i sveitserstil, 2 fjøs, naust, kai) og uteområde, og fortalde om planane framover.



Foto 4. Besøk på Bietilæanlegget til Vadsø museum – Ruija kvenmuseum. Her fekk vi omvisning og eit velkommen påfyll med kaffi og kringle.



Foto 5. Esbensengården, Vadsø museum - Ruija kvenmuseum sitt hovudsete. Her fekk vi servert nydeleg Finnmarksmiddag av reinsdyr og molter.

Esbensengården

Etter ein liten pause på hotellet bar det av gårde att til Vadsø museum - Ruija kvenmuseum sitt hovudsete; Esbensengården. Esbensengården er ein norsk handelshus frå 1850 som overlevde bombinga under 2. verdenskrig. Den inneheld og fjøs, stall, vognskjul og drengstove (foto 5).

Tuomainegården

Vi tok også turen innom Tuomainengården, ein kvensk bygård med bustad, fjøs/stall, sauna, bakeri og smie bygd saman i eit koseleg tun. Museet brukar både bakeri og sauna aktivt i formidlinga (foto 6).



Foto 6. Tuomainengården, ein typisk kvensk bygård frå 1840-åra.

Onsdag 10. august: Foredrag og ekskursjon

Nettverksinformasjon

Status

Liv Byrkjeland orienterte kort om status for nettverket. 21 museum har meldt seg formelt inn i Nasjonalt nettverk for kulturlandskap.

Årsplan for 2006

Nettverksansvarleg ynskjer i 2006 å gå over til ei nettverkssamling og eit meir fagleg kurs med smalare tema. Det var utarbeidd eit skjema på førehand for å gjere det lettare å kome fram til ei avgjerd for neste års planar i eit elles tett program (vedlegg 1).

Resultatet av innspelsrunden:

Stad	Tema	Tidspunkt	% av stemme
Toten økomuseum	Kultur/naturvern, aktiv kulturlandskapsformidling	mai.06	64 %
Nordøsteds- museet	Stølskulturlandskap, jordbrukslandskap i fjellbygder	aug/sept. 06	9 %
Jærmuseet	Kystkulturlandskap	haust 06	18 %
Baroniet Rosendal	Historiske hagar	apr.06	9 %

Nasjonalt nettverk for kulturlandskap valde Toten økomuseum til neste samlingsstad.

Toten økomuseum (som i mellomtida skal gjennom konsolidering) v/ Tom Haraldsen ønska oss velkomne til samling på Toten i mai – 06.

Vi fekk også innspel om at nettverket bør setje av meir tid til å diskutere viktige spørsmål som kva rolle musea skal spele i arbeidet med kulturlandskap som ikkje tilhøyrer museet. Dette vart det for lite tid til på denne samlinga, og vi bør setje av tid til på komande samlingar.

Vi spurde og om aktuelle tema og tidspunkt for kurs til neste år, og vi fekk fylgjande innspel:

- Formidling av forståelsen for kulturlandskap.
- Skuleopplegg/pedagogiske opplegg.
- Dokumentasjon og dokumentasjonsteknikkar.
- Kulturlandskaps formidling og merking.

- Skjøtsel av utmark/innmark/beiteområde.
- Innverknad av attgroing på det biologiske mangfaldet (positive/negative).
- De dødes hage – kirkegårdens kulturlandskap.
- Skjemming av kulturlandskap – kva øydelegg kulturlandskapet

Ønska tidspunkt varierar frå vinter, tidleg vår og haust (ikkje sommar).

Nettverksansvarleg skal ta med seg innspela og jobba vidare for å få til eit kurs utpå hausten eller vinteren 2006. Samlinga blir til våren.

Nettsider

Nettverksansvarlege v/Liv Byrkjeland skal jobbe med å lage Internettsider for Det nasjonale nettverket for kulturlandskap. Arbeidet er starta, og det vil truleg gje resultat i løpet av 2005.

Vi håpar dette vil lette kommunikasjonen og informasjonsflyten i nettverket.

Presentasjon av kartleggingsprosjektet v/Marie Pettersson

Deltakarane vart informerte om status for prosjektet, resultat av spørjeundersøkinga og kva som vert gjort framover. Kopi av pwerpiontpresentasjonen er lagt ved referatet (vedlegg 2).

Resultat frå kartlegginga vil bli lagt ut på Internett i tilknytning til nettverket sine heimesider.

Det er ønskeleg at nettverksdeltakarar og andre kjem med innspel til kartlegginga.

Informasjon om vandretstilling v/Jostein Løvdal

Jostein presenterte vandretstillinga
”Tilbakeblikk – norske landskap i endring”

Deler av utstillinga vart vist fram, og Nijos veileder 3/2005 vart delt ut.

Meir informasjon om utstillinga:
<http://www.nijos.no/tilbakeblikk/>

Informasjon om lauvbruksprosjektet v/Ingvild Austad

Kort informasjon om status for nettverksprosjektet.

Ide om felles kulturlandskapsdag

Ingvild presenterte også ideen om å ha ein felles kulturlandskapsdag i nettverket. Kulturlandskapsnettverket kunne blitt einige om ein felles dag etter modell av "Villblomstens dag" der det vart gjennomført ulike arrangement på musea rundt om i heile landet.

Ekskursjon Vadsø - Hamningberg

Etter teoriøkta på hotellet bar det ut i bussen att.

Professor og historikar Einar Niemi frå Universitetet i Tromsø gav oss utfyllande informasjon undervegs om alle bygdene langs ruta (om busetjing, stadnamn, hustypar, etniske variasjonar, sesongnomadisme, kvalfangst, landsbyar – bygder, næringsvegar, krigshistorie og mykje meir). Aktuell litteratur:

- Niemi (1983) *Vadsøs historie*, bd.
- Niemi (1995) "*History of Minorities: The Sami and the Kvens*", i W.H. Hubbard et al. (eds.): *Making a Historical Culture. Historiography in Norway*. Oslo, Copenhagen, Stockholm, Boston.
- Niemi (1996) "*Svend Foyn og hvalfangsteventyret i nord - økonomi, nasjonsbygging og miljø*", i Det Norske Videnskaps-Akademi.. Årbok 1996.

Nokre opplysningar som eg merka meg:

- Varanger har konsentrert busetjing i bygder (landsbyar).
- Landingsforhold til sjøs var avgjerande for norsk busetjing, jordbruksforholda for den kvenske busetjinga.
- Varangerfjorden manglar naust, truleg pga austleg påverknad.

- Tilflytting frå Nordvestlandet og Finnland fortrengde samane.
- Var tidlegare etablert teigsystem på havet der retten til området fylgde garden.
- Reinhagar, områda der reinsdyra vart mjølka, vart oppgjødsla og frodige. Desse vart seinare brukt til utslåtter.
- Mykje falk i området (vi var så heldige å sjå den sjeldne jaktfalken på turen). Tidlegare var det mykje nederlandske falkonerar som fanga levande falkar. Tidlegare fanst det eigne falkefangshytter.
- Lyngtorv vart brukt til brensel. Bunntorv var ikkje i bruk før langt utpå 1800-talet.
- Det finst framleis intakte teigblandingssystem i Skallelv.
- Utmarka vart mykje brukt til slått, beite, molteplukking og fangst.

Stopp ved Skallneset

Bussturen gjekk via Krampenestil Skallnes der det var ein kort spasertur. Frøydis Høyland Svisdahl og Vibekke Vange orienterte om forskingsprosjektet "*Tre stammers møte i Varanger*".

Skallneset, eit kvensk område, er ein av dei tre utplukka lokalitetane i forprosjektet.

Området er kombinert reinsbeite og saubeite. Husa skal restaurerast (foto 7).



Foto 7 Skallneset, beiteområde og restar etter Kvensk småbruk. Aktuell lokalitet i forskingsprosjektet "*Tre stammers møte i Varanger*"

Ressursutnyttinga skal vere utgangspunkt for der fleirfaglege undersøkinga. Resultata skal formidlast i form av kultur/natursti.

Skallneset - Vardø

I området frå Skallneset til Vadsø fekk vi informasjon om:

- Skallelv, ei kvensk bygd som er utpeika til å vere ei av dei mest verneverdige bygdene i Finnmark.
- Indre Kiberg som har hatt nær kontakt med Russland, pomorhandel.
- Kiberg, det største fiskeværet.
- Fjellet Domen (Nordens Blokksberg) som var viktig i heksemytologien.
- Vardø – omvisning i byen og festninga frå 1300 talet.

Aktuell litteratur:

"Skallelv i 1939 - Fakta og minner om de kvenske pionerene" av Håkon Wara og Leif Biedilæ, Skallelv bygdelag 2004.

Fotefar mot nord - Fiskeværet Kiberg (s 786-789.)

Fotefar mot nord – Vardøhus festning, (s 790-794).

"Jordbruk og torvtaking i kvenområder og skogfinske områder". Vadsø museum – Ruija kvenmuseum 2000. Skriftserie nr. 2.

Tromura. *"Botaniske undersøkelser av kulturlandskap i Finnmark"*. 3. Lokalitetsbeskrivelser for Øst Finnmark av Alm et.al. 1994. Universitetet i Tromsø.

Stopp i Vardø og Brodtkorpsjåene – Pomormuseet.

Vi stoppa på Pomormuseet i Vardø der det var varm lunsj og tur i utstillingane (foto 8).

Pomorhandelen er den gamle handelen med Russland som vart avvikla av den russiske revolusjonen. Les meir i:

Niemi (1992). *"Pomor. Nord-Norge og Nord-Russland gjennom tusen år"*.

<http://www.pomor.no/nor/>



Foto 8. Brodtkorpsjåene –Pomormuseet (Vardømuseumene) i Vardø.

Vardø – Hamningberg

Bussturen vidare nordover vart prega av ei stadig tettare tåke som gjorde sitt til at utsikten til tider var minimal.

Området har ein særeigen geologi med ståande lag av sedimentære bergartar skyvd over grunnfjellet som elles dominerer i Varanger. Geologien kan du lese meir om i NGU sitt hefte om *Geologien på Varangerhalvøya, oversikt med ekskursjonsforslag (NGU 1998)*

Området er prega av for hardt reinsbeite over lang tid. Reinen har sommarbeite ute ved kysten, og vinterbeite lenger inn mot finskegrensa. Det er vinterbeita som er mest sårbare.

Vi stoppa og leita etter den sjeldne Finnmarksvineblomen som skal vekse på ein lokalitet i landskapsvernområdet i Sandfjord. Diverre fann vi ikkje rette blomen (foto 9).



Foto 9. Botanikarar og museumsfolk på leit etter den sjeldne Finnmarksvineblomen.

Stopp i Hemningberg

Endestoppen for bussturen var det verneverdige fiskeværet Hemningberg som vert marknadsført som *"The end of Europe"*.

Bygda er i dag prega av fråflytting og "sommardrift". Tidlegare har det vore både husdyr og seterområde her.

Vi fekk informasjon om byggeskikk, og norsk/russisk busetjing (foto 10).

Vi fortærte ein haug deilige vafler, og fekk tid til å rusle litt rundt i bygda før turen gjekk attende til Ekkerøy.

Les meir om Hemningberg i Grepstad & Thorheim (2002) *Fotefar mot nord* s 796-799.



Foto 10. Varangerhus/langhus i Hemningberg med Tromsøpalme i forgrunnen.

Avslutning på Kjeldsenbruket

Vertane frå Vadsø museum hadde førebudd middag og tilbehør til ei koseleg avslutningsstund på Kjeldsenbruket.

Kjeldsenbruket er eit av dei få fiskebruka som står igjen i Finnmark etter krigen. Bruket inneheld kai, pakkhus, trandamperi, egnebuer og sløyeskur.


Ekkerøy er ein populær utfartsstad. Etter middag tok mange turen til den kjente fuglefjellet, plukka molter og såg på krigsminna (foto 11).

Gode og mette på både mat, informasjon og inntrykk vart nettverkssamlinga formelt avslutta på Kjeldsenbruket.



Foto11. Nettverksdeltakarar på tur til fuglefjellet på Ekkerøy.

12.09.05, LB



Vedlegg 1 – Skjema

Vedlegg 2 – Kopi av powepointpresentasjon